

## Teatertilbod til Hordaland mållag:

### FUGLETRIBUNALET - ein prisvinnande bestselgar av Agnes Ravatn

Torsdag 5. oktober kl. 19.00 og laurdag 7. oktober kl. 14.00

## Hordaland Teater i Logen



I **Fugletribunalet** treff vi Allis. Hendingar i livet hennar har gjort henne sky og sjølvstraffande. Ho er på flukt frå sitt eige liv. I ein avsides vestlandsfjord finn ho eit nytt tilvære med den mystiske Sigurd Bagge. Akkurat som ho, ber Bagge også på ei hending han sonar. Som Bagge si hushjelp, deler ho hans heim og eit taust fellesskap. Etterkvart som tida går, vert to ting meir og meir påtrengande. Det eine er at Bagge skjuler ein stor løyndom. Det andre er at draginga mot han set djupare og djupare spor i henne. Fugletribunalet er ei thrillerprega og lada forteljing om skuld og frifinning.

**Fugletribunalet** hadde premiere i Førde 1. september. I følgje avisa Firda «*fekk publikum servert eit menneskeleg drama som av Anne E. Kokkinn og Kyrre Eikås Ottersen blir meisla ut på ein lågmælt og fjellstø måte utan daudpunkt.*»

**MED:** Anne E. Kokkinn, Kyrre Eikås Ottersen, Anne Guri Tvedt, Atle Hoff og Stephanie Mowinkel  
**DRAMATISERT AV:** Ingrid Weme Nilsen **BEARBEIDING/REGI:** Trond Lie **DRAMATURG:** Solrun Toft Iversen  
**SCENOGRAFI/KOSTYME:** Kari Gravklev **LYSDESIGN:** Krystian Myska. Gjestespel frå Sogn og Fjordane Teater.



### FUGLETRIBUNALET

**Billettprisar:** Ordinær pris kr. 350. Hordaland mållag har spesialtilbod og kan kjøpe billetter til kun kr. 262 (25% rabatt) til torsdag 5. oktober kl. 19.00 og laurdag 7. oktober kl. 14.00.

**Billettbestilling:** [www.hordalandteater.no](http://www.hordalandteater.no) – Fugletribunalet – velg ønska dag, trykk «kampanje» i priskategori og kode «samarbeid».



Du kan også sende ein mail til [publikum@hordalandteater.no](mailto:publikum@hordalandteater.no)